

## Referat frå FAU-møte 20.03.24

### 1. «Skuleportrett»

Gjennomgang av dokument- prosjektgruppe. FAU har moglegheit til å kommentere/forbetre dette dokumentet. Snakk om nærskule-prinsippet. Stabilitet i personale, er rektor einig? Ved ueinigheit kunne ein ha laga ei oversikt innad i kommunen, korleis det er på andre skular? I møte med FAU-leiar, trekk rektor fram vurdering for læring, kompetanseheving blant tilsette.

### 2. Hjartesone og biltrafikk

Vi såg først ein video frå Sunde skule «hjartesone». Trygg Trafikk står bak opplegget. FAU har opparbeida kontakt med Trygg Trafikk. Ikkje fått tilbakemelding frå Stafnes om korleis møtet gjekk. Kva gjer vi vidare, har kommunen ein plan? Kor skal hjartesona og droppsona vere? Trygg Trafikk kan kome på synfaring med kommunen, tilsette og FAU. Før ein startar dette prosjektet må ein ha svar frå kommunen først. Vart diskutert ein del alternativ. Etter ein har fått svar frå Stafnes, er det diskutert å lage ei prosjektgruppe som jobbar med denne saka.

### 3. Samarbeidsavtale om dugnad

Ny leiar i frivillighetssentralen vil ha ein fast avtale om at 9. klasse stiller opp på Sanden-søndag, og hjelper til med diverse rigging av utstyr, rydding++ Det er då snakk om at ein får ein liten sum til Polentur. Vart diskutert at ein vil ha ein slik avtale, med forbehold om at det blir tur. Foreldre køyrer, elevane arbeider.

### 4. Leksehjelp

Frå og med 4.klasse får ein tilbod om leksehjelp. Snakk om leksehjelp til dei som er yngre. Viktig at foreldre engasjerer seg ved lekser.

Nytt møte vert i slutten av mai.

Stygg språkbruk på skulen vart tatt opp. Temakveld?

Referent Camilla Snildal